

nettopp no handlar om kino, konsertar, teater, utstillingar og restaurantbesøk. Kort sagt - utelivet i Hallingdal. Arrangørar kan sende oss førehandsstoff og bilete. **Post:** Hallingdølen, boks 193, 3571 Ål. Merk konv. «nettopp no». **E-post:** nettoppno@hallingdolen.no. **Telefax:** 32 08 65 45. **Fristar:** Tysdagsavisa - fredag kl. 12, Torsdagsavisa - måndag kl 15.30, Laurdagsavisa - onsdag kl 15.30

Oddemann

6500 hørde folkemusikk

- Me reknar med rundt 6500 i publikumstal, og eit billettstal i underkant av 3000, melder dagleg leiar for Den Norske Folkemusikkveka, Ingunn Stræte Lie. Alle dei store konsertane var fullsett.

- Det var dei folk ville på. Kringkastingsorkesteret og Kwarts, Festkonserten og Oddemann Haugen

Memorial drog alt fulle hus. Også gudstenesta med folkemusikkriturgi var full. I tillegg avvikla me fleire skulekonsertar over heile Hallingdal enn nokon gong. Dette spelar også inn på publikumstala.

- I fjor var det rundt 5000 i publikumstal, slik sett har me nådd fram til mange, seier Stræte Lie.



Thorleif Stave, Jostein Sørboen, Ola K. Rygg og Tore Løvgreen. I kompet Martin Thue og Arne S. Haugen.



Johannessen, torader, Arne Olav torader.



Song til ein bror: Unn Berit Johannessen framførte sin eigen song til broren Oddemann, med Ulf Arne Johannessen på torader.



Lukkeleg vinnar: Aslak Opsahl Brimi.

Brimi tok Fanitullprisen

Aslak Opsahl Brimi frå Lom fekk Fanitullprisen under festkonserten på folkemusikkdagane.

Sigmund Krøvel-Velle

skv@hallingdolen.no

Aslak Opsahl Brimi er 24 år og er oppvaksen i Garmo i Lom. Han er født inn i ein folkemusikkfamilie, og både far Rolv og bestefar Hans W. spelte fele. Aslak starta med felespel hjå far sin som 8-9 åring, og fekk etter kvart Bjørn Odde som lærermeister.

Plasseringar

Det er slåttetradisjonen i Ottadalen som er musikken til Aslak, og det er det som kjem fram på debutplata Blå september. Det er og særst viktig for han å vidareføre musikken

og spelestilen som bestefaren Hans W. Brimi stod for.

Etter at Aslak starta å stille på kappleikar i 1999, har han fleire gode plasseringar å vise til. Han vann C-klassa på fele på Rauland i 2001, og B-klassa på Gjøvik året etter. I A-klassedebuten i Eidfjord 2004 kom han til finalespelet, og vart til slutt nummer to.

Heilskap

Juryen gir ikkje nokon grunngeving for valet sitt. Men i ein generell kommentar seier jury-medlem Tom Willy Rustad at ein legg vekt både på det musikalske, presentasjonen, og til sjølv formidlinga.

- Det var tre spennande kandidatane i år, seier Rustad. Dei to andre kandidatane var Jan Beitohaugen Granli (nr. 2) og Øyvind Brabandt på tredjeplass. Beitohaugen var også i fjor med i finalen.

Margit - verdig vinnar

Ho hausta mange lovord frå juryen, den unge vinnaren av Jens A. Myros minnepris som vart delt ut under Bygdemønstringa laurdag.

Line Sandvik

ls@hallingdolen.no

Det var femte gong minneprisen vart delt. Årets vinnar blir omtala som eit førebilete for andre unge. Ei allsidig jente som herskar over kunsten både å spele, synge og danse.

Verdig

Då Margit Myhr vart ropt opp, var det få som vart forundra. Og juryens lovprising sa vel også sitt. Frå eit rikt folkemusikkmiljø på Torpo kjem denne unge jenta som utøvar av både kveding, hardingfele, langleik og hallingspringar. Ho har utmerkt seg i kappleikar og oppsettingar, og er eit etterspurt talent for oppdrag. Ho blir omtala av juryen, som er styret i Den Norske Folkemusikkveka, som seriøs og talentfull. Det er Hallingdø-



Prisvinnar: Jens A. Myro sin minnepris gjekk i år til Margit Myhr.

len som har innstifta Jens A. Myros minnepris.

Kvedetakk

Margit Myhr takka pent for prisen som skal stimulere interessa for tradisjonsmusikk og dans. Prisvinnaren fekk ei sylje i sølv, 5000 kroner og eit diplom laga av Trond Andersson. Som takk fekk salen høyre ungjenta ta i bruk stemmepakta sin. Og ho kveda så tilskodarane vart rørt.